



Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Arkivsakid-doknr:	17/645-3	Saksh:	Monica Hagen Hereid	Arkivkode	Dato:
Journalpostid:	17/5376	Telefon:	53 67 35 36	K2 - Q13	17.10.2017

Melding om vedtak - Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP Hordaland 2018 - 2029 - høyring

Eidfjord formannskap - 17/101:
Det er fatta følgjande vedtak i saka:

1. Eidfjord formannskap tek til etterretning at det vil ta lang tid å få realisert den optimale rassikringa av Fv103, med ein tunnel kostnadsrekna av Statens vegvesen til 560 mill. kr.
2. Eidfjord formannskap ynskjer difor at dei 15 mill.kr. som er avsett i *Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP*, vert nytta i perioden 2018 -2020, til eit ca. 300m langt fanggjerdje frå Felevika og vestover, samt sikring med isnett i Strangasvå.
3. Eidfjord formannskap er tilfreds med at Fv7, som ein viktig avlastingsveg for E16 mot Bergen, har status som ein av dei prioriterte overordna fylkesvegane. Fv7 må sikrast nok midlar, slik at dei mange «flaskehalsane» vert fjerna tidleg i planperioden.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Monica Hagen Hereid
-sakshandsamar tenestetorget-

Kopi til arkiv og kopibok





EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv: K2 - Q13
Arkivsak ID: 17/645 - 2
Journalpost ID: 2017005243
Saksh.: Tveit, Anved Johan
Dato: 11.10.2017

SAKSGANG

Utvalg	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	16.10.2017	17/101

Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP Hordaland 2018 - 2029 - høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Eidfjord formannskap tek til etterretning at det vil ta lang tid å få realisert den optimale rassikringa av Fv103, med ein tunnel kostnadsrekna av Statens vegvesen til 560 mill. kr.
2. Eidfjord formannskap ynskjer difor at dei 15 mill.kr. som er avsett i *Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP*, vert nytta i perioden 2018 -2020, til eit ca. 300m langt fanggjerd frå Felevika og vestover, samt sikring med isnett i Strangasvå.
3. Eidfjord formannskap er tilfreds med at Fv7, som ein viktig avlastingsveg for E16 mot Bergen, har status som ein av dei prioriterte overordna fylkesvegane. Fv7 må sikrast nok midlar, slik at dei mange «flaskehalsane» vert fjerna tidleg i planperioden.

16.10.2017 - Eidfjord formannskap
Røysting:
Samrøystes vedteke.

FSK - 17/101 - Vedtak:

1. Eidfjord formannskap tek til etterretning at det vil ta lang tid å få realisert den optimale rassikringa av Fv103, med ein tunnel kostnadsrekna av Statens vegvesen til 560 mill. kr.
2. Eidfjord formannskap ynskjer difor at dei 15 mill.kr. som er avsett i *Investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP*, vert nytta i perioden 2018 -2020, til eit ca. 300m langt fanggjerd frå Felevika og vestover, samt sikring med isnett i Strangasvå.
3. Eidfjord formannskap er tilfreds med at Fv7, som ein viktig avlastingsveg for E16 mot Bergen, har status som ein av dei prioriterte overordna fylkesvegane. Fv7 må sikrast nok midlar, slik at dei mange «flaskehalsane» vert fjerna tidleg i planperioden.

Desse har uttalt seg i saka:

Særutskrift skal sendast til: Hordaland fylkeskommune

Endeleg avgjerd i: FSK

Saka gjeld:

Forslag til investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland (RTP) 2018 -2029 er lagt ut på høyring, med uttalefrist 20.oktober 2017.

Fylkestinget vedtok Regional transportplan Hordaland 2018 -2029 på møte 14.06.2017, etter at planen hadde vore ute på høyring. Eidfjord formannskap gav slik utale til planen:

1. Eidfjord kommune støttar strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i fylkesvegnettet i Hordaland fram mot 2029. Eidfjord kommune meiner likevel at hovudmålet for fylkesvegnettet må vera å fjerna forfallet gjennom styrka vedlikehald slik at heile fylkesvegnettet får ein akseptabel standard. Det er ikkje offensivt nok berre å stoppa veksten i forfallet.
2. Eidfjord kommune støttar formuleringane i planen vedr. tilrettelegging for reiselivets behov for kollektivtilbod. Det er viktig at haldeplasstruktur vert tilpassa reiselivets behov. Bilettsystemet som skal nyttast i kollektivtrafikken må vera tilpassa «dagens» betalingssystem.
3. Eidfjord kommune forventar at det vert avsett midlar til rassikring av Fv 103 i første del av planperioden til RTP 2018 -2029.
4. For auka trafikktryggleik for gåande og syklande bør gang- og sykkelvegen etablerast til Stavanen i samsvar med Kommunedelplan for trafikkisikring.
5. Eidfjord kommune støttar uttale frå Hardangerviddatunnelene AS

Eidfjord formannskap vil i denne uttalen fokusera på den rasutsette Fv 103. I tillegg er formannskapet tilfreds med at Fv 7, som ein viktig avlastingsveg for E16 mot Bergen, er ein

av dei prioriterte overordna fylkesvegane i Hordaland.

Fylkesveg Fv 103 Simadalsvegen, er den einaste fylkesvegen i Eidfjord, og ligg i kategorien øvrige fylkesvegar. Fv 103 er tilførselsveg til den største kraftstasjonen i Hordaland, Sima kraftstasjon, og den einaste arbeidsvegen for dei tilsette. Statkraft driv i tillegg settefiskanlegg og genbank, som krev dagleg tilsyn.

Deler av Fv 103 er skuleveg, og ein mykje brukt veg til fleire badeplassar langs vegen. Fv 103 har gang- og sykkelveg frå Eidfjord sentrum til Blurenes bustadfelt, men denne burde vore forlenga til badeplassen i Stavanen.

Fv 103 er svært rasutsett, både steinsprang og lausmasse skred gjennom heile året, og snø- og isras vinterstid. Med støtte frå Eidfjord kommune og Statkraft laga Statens vegvesen i år 2000, **Rassikringplan Fv 103 Eidfjord – Simadalen**. Geologane som utarbeidde rapporten konkluderte med at berre er ein tunnel på ca 2,5 km vil gje akseptabel sikring.

Seinare har Statens vegvesen laga rapporten **Skresikringsbehov for riks- og fylkesvegar i Region vest**. Rapporten vart oppdatert i desember 2015, og har tabellar som syner skredfaren på dei ulike riks- og fylkesvegar i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Raspunkta er rangerte i kategoriane høg, middels og låg. Totalt har Fv 103 fire raspunkt i kategorien høg, tre punkt i kategorien middels og eit punkt i kategorien låg. Ved raspunktet på Kråkeskarvet, som har kategorien middels, er det gjort tiltak for å sikra mot isras.

Av tabellen for **Skredsikringsbehov for Fylkesvegar i Hordaland** ser me at det berre er Fv 551 ved Fureberget bru i Kvinnherad og to punkt på Fv 7 i Tokagjelet i Kvam, som har høgare skredfaktor enn Fv 103 Simadalsvegen.

Tabellen syner kva tiltak Statens vegvesen meiner skal til for å sikra Fv103, og denne legg til grunn at det må byggjast ein tunnel kostnadsrekna til 560 mill. kr (des. 2015). Denne tunnelen ville sikra dei fire raspunkta med kategorien høg, og to av tre i kategorien middels. Eidfjord kommune ser med bakgrunn i dei to utarbeidde rasrapportane at tunnelalternativet er det klart beste alternativet for sikring av Fv103. Likevel ser me at med ei kostnadsramme på 560 mill. kr vil det truleg ta lang tid før denne vert finansiert. Formannskapet er difor glade for at det er sett av 15. mill. kr i perioden 2018 – 2020, for å gjera vegen noko sikrare. I tabellen «Fordeling av rassikringsmidlar» er tiltaket nemt som «Felevikja I-III geofon og enkeltiltak».

Tilsette i Statkraft er den største brukaren av vegen, og dei har gjennom mange år registrert dei fleste rashendingane på Fv 103. Eidfjord kommune har over lengre tid fått klare signal frå selskapet at dei ikkje kan venta til det skjer ei alvorleg ulykke før vegen vert sikra. Statkraft innser også at det kan ta lang tid for å få realisert den optimale tunnelloysinga. Ut i frå registreringane Statkraft har gjort ser me at ei strekning på ca 300meter frå Felevika og vestover er mest utsett for steinsprang. Dei aller fleste av desse steinspranga er av ein slik størrelse at eit fanggjerd (wirenett) på denne strekninga ville sikra vegen på ein relativt god måte. I tillegg er eit parti i Strangasvå utsett for isras. Ved å montera isnett på dette partiet vil faren for isras verta vesentleg redusert. Ved å nytta Statens vegvesen sine einingsprisar i rasrapporten (des.2015) ser me at tiltak med ca. 300m fanggjerd og isnett på eit parti i Strangasvå langt på veg kan realiserast med dei 15. mill. som ligg som forslag i investeringsprogrammet. Det er difor eit sterkt ynskje frå Eidfjord kommune at dette vert lagt til grunn ved bruken av desse rassikringsmidlane på Fv 103. Både den lokale leiinga i

Statkraft og formannskapet i Eidfjord stiller seg tvilande til at ei løysing med geofonar vil gje like god sikring på dei omtalte raspunkta.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen konsekvensar for Eidfjord kommune

Juridiske konsekvensar:

Ingen kjende

Miljømessige konsekvensar:

Ingen kjende

Personalmessige konsekvensar:

Ingen kjende

Konsekvensar for folkehelse:

Ein tryggare arbeidsveg, og veg til rekreasjon

Geir Underhaug
rådmann

sakshandsamar